

KLAUSULERING AV VASSKJELDENE

Generelt

Grunnvasskjeldene ligg i ulike sand og grusavsetningar i Osa. Det er prinsipielt 2 ulike grunnvasskjelder i Osa, opne og lukka grunnvassmagasin. I dei opne magasinane i Norddalen er lausmassane relativt grovkorna og djupna til grunnvatnet er liten. Derfor er grunnvatnet relativt sårbart mot ureining. Pumpebrønnane har relativt djupe filter, det fører til at ein nyttar det djupaste grunnvatnet og får dermed tak i det grunnvatnet i området med best vern. I det lukka magasinet langs Austdøla ligg det tette lag over grunnvassmagasinet og det er djupt ned til grunnvatnet. Vatnet som vert pumpa frå brønnane vert i stor grad infiltrert frå elvane i området.

Klausulering av grunnvasskjeldene

Statens institutt for folkehelse har utarbeidd retningslinjer for vern av grunnvasskjelder. Det vert her kort omtala kva som er dei generelle retningslinjene for soneinndelinga og kva som er lagt til grunn for endeleg klausulering.

Generelt vil influensområdet kring vasskjelda verta delt inn i ulike sonar, alt etter kor viktig arealet er for grunnvasskvaliteten. Sone 0 ligg nær brønnen, og sone 3 ligg lengst ifrå. I klausuleringa er det slik at dei avgrensingar av aktivitet som gjeld for sone 3 også gjeld for sonene innanfor, dvs. sone 2, 1 og 0. Til nærare ein er brønnen til strengare vert krava til tillate aktivitet.

I praksis er det aktivitetar i sone 0 og 1 som har størst praktisk betydning.

Som grunnlag for klausuleringa er følgjande ureiningskjelder aktuelle:

- Forureining av Austdøla og/eller Norddøla
- Tiltak som kan endra naturleg vasskvalitet (definert som ureining i ”forurensingsloven”)
- Landbruksureining
- Ureining frå avløp frå spreidd busetnad
- Uttak av lausmassar
- Uhell/akuttutslepp t.d. langs veg

Sone 0

Generelt

Denne sona ligg nær brønnane og skal verna dei tekniske installasjonane og sjølve brønnpunktet. Denne sona er vanlegvis 10-30 m i utstrekning frå brønnpunktet. Berre aktivitetar som er naudsynt for drift av vassverket skal vera tillate. Området bør vera inngjerda og avlåst.

Sone 1

Generelt

Det er det sikre infiltrasjonsområdet til brønnane. Ytre del av området er avgrensa av 60 døgns opphaldstid for grunnvatnet i den metta sona (under grunnvassnivå). I sona er det naudsynt å verna grunnvatnet mot forureining, bl.a. nedtrenging av kjemikaliar som kan trua vasskvaliteten, påføra vatnet lukt, smak og farge, eller forårsaka endra kjemiske forhold i grunnen. Lagring av oljeprodukt o.l. skal berre vera tillate for det som evt. er naudsynt for drifta av vassverket. Deponeringsplassar for avfall og avløpsleidningar er normalt ikkje tillate i denne sona.

Vegar kan tillatast bygd dersom det er lite truleg at det vert transportert gods som kan forureina grunnvatnet.

Jordbruksaktiviteten skal vera så liten som mogeleg, og bruken av kunstgjødsele bør avgrensast til optimalt nivå som må avgjerast av jordbrukskyndig person. Dette punktet inneber at mengda og fordelinga av gjødselen berre er så stor som plantene treng, og dermed tek opp. Husdyrgjødsel må berre nyttast under vekstsesongen.

Sone 2

Generelt

Dei same avgrensingane som i sone 1 gjeld i denne sona, men omfanget av avgrensingane vil vera mindre, fordi vatnet frå sona treng lengre tid på å strøyma inn til brønnane. I tillegg vil vatn frå sone 2 verta meir uttynna i forhold til vatn frå sone 1.

Sone 3

Generelt

Denne sona omfattar dei områda som kan liggja i infiltrasjonsområdet under ekstreme forhold. I sona er det berre aktuelt å hindra at det vert etablert avfallsplassar, større oljelager etc., og industriverksemd som inneber ein trussel mot vasskvaliteten.

Strengt tatt vil heile nedbørsfeltet til Norddøla og Austdøla vera inkludert i sone 3.

Forureiningslova og lov om vassdrag og grunnvatn utgjer ei tilstrekkeleg sikring av sona.

Sone 3 er derfor ikkje teke med i klausuleringsforslaget for vassverket.

Tiltak

I figur 1 er det vist område som er omfatta av sone 0, 1 og deler av sone 2 der arealet er regulert til sikringssone grunnvatn i reguleringsplanen. Spesielle tiltak/avgrensing av aktivitetane i desse sonene er:

- Sone 0 bør gjerdast inn (radius på 30 m brønnane) visse unntak der vassdrag kjem nærare
- Ikkje tillate med nye grunnvassuttak dersom desse påverkar grunnvasskvalitet og mengde uheldig.
- Ikkje tillate med flytande husdyrgjødsel
- Ikkje tillate med bruk av plantevernmidlar
- Ikkje tillate med nedgravne oljetankar eller skadelige kjemikaliar
- Lagring av olje/kjemikaliar skal skje under tak, og med tett golv

VEDTEKTER FOR SIKRING AV GRUNNVASSBRØNNANE I OSA

Vedtektene gjeld for dei regulerte sikringssonene for grunnvassbrønnane i Osa. Dei vedtektene som gjeld for ei sone, gjeld også for sonene innanfor.

SONE	VEDTEKTER
2	<ol style="list-style-type: none">1. Forbod mot masseuttak.2. Forbod mot nedgravne oljetankar/kjemikaliar. Tankar skal plasserast under tak på tett underlag - med kantar som er høge nok til å samla opp heile tanken sitt volum i tilfelle lekkasje.3. Forbod mot slam- og avfallsdeponering.4. Forbod mot utomhus lagring av stoff/massar som lek kjemikaliar til grunnen (utvasking). Utomhus lagring av kunstgjødning må skje på stader godkjend av Ulvik herad.5. Forbod mot etablering av verksemder eller anlegg for produksjon av stoff som kan ha ein negativ verknad på grunnvasskvaliteten.6. Forbod mot infiltrasjon av avløpsvatn frå bustadhus.7. Forbod mot nye grunnvassuttak som kan medføra uheldige konsekvensar for vassmengde eller vasskvalitet i Ulvik herad eller Osa Vanneksport sine brønner.8. Forbod mot nydyrking.9. Beiting kan tillatast10. Forbod mot all bruk av kjemiske plantevernmiddel. Dispensasjon frå forbodet er mogleg i spesielle tilfelle der det føreligg faglege vurderingar og tilråding frå heradsagronom og helsemyndigheiter.
1	<ol style="list-style-type: none">11. Nye vegar eller bygg er ikkje tillate.12. Forbod mot bruk av flytande husdyrgjødsel.13. Bruk av kunstgjødsel bør tilpassast jordas næringstilstand og vekstslag (gjødselplan), men nitrogenmengda skal ikkje overstiga 10 kg nitrogen pr. dekar årleg.14. Jordbruksproduksjonen nærmast brønnen bør avgrensast til grasproduksjon.15. Ved oppfylling og utplanting av området skal det nyttast reine siltig/sandige massar utan innblanding av bygningsmateriale, metall skrot eller anna avfall.
0	<ol style="list-style-type: none">16. Innanfor denne sona er det berre tillate med aktivitetar som har med drifta og vedlikehald av grunnvassanlegget å gjere.

Kommentarar

Område Austdøla: Området er i dag nytta til beitemark. Dette må ikkje tillatast lenger i sone 0 og 1 og ein bør gjerda inn visse deler av området.

Det er ein del konflikter med planlagt område for campingplass/leikeplass. Dette er arealbruk som inneber at det kan vera fare for lekkasje frå bilar som står parkert osv.

Grunnvassmagasinet er lukka, derfor er endringar av kva ein kan tillata mest av psykologisk karakter og basert på føre var prinsippet. Infiltrasjonen til dette magasinet skjer truleg langs re deler av Austdøla. Derfor må ein vera spesielt merksame på dette området i elva. I kva grad avløpsvatn kan påverka elvevatnet er ikkje kjent.